

Landbruksmållaget
Eit yrkesmållag under Noregs Mållag
ved Inge Bjørdal
6218 Hellesylt

Hellesylt, 2. september 2014

Det kgl. Kulturdepartement
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Framlegg til endring av stadnamnlova

Vi viser til høyringsbrev, dagsett 2. juni 2014, og vi har merkt oss ved følgjande.

Ei av dei mest sentrale endringane synest å vere skiljet mellom gardsnamn og bruksnamn. Dette skiljet verkar kunstig og søkt. Mange namnegardar er gjennom tidene delte i fleire bruk. Alle bruka kan råde over store geografiske areal. Såleis må det verte uoversiktleg og venteleg administrativt flokut å skilje mellom gardsnamn og bruksnamn.

Ei fri endring av bruksnamn kan også føre til tap av kulturhistorie. Eit døme på dette har vi frå ein av styremedlemmene i laget vårt. Husmannsplassen Hestmarka vart tidleg i 1930-åra kjøpt ut frå namnegarden, og eigaren namnfeste bruket med familienamnet sitt, som elles hadde ein gammaldags skrivemåte. Bruket ligg langt frå hovudbølet, og namnet Hestmarka forklarar greitt kva som var opphavet til staden, den gongen ute i skogen. I daglegtalen heitte bruket framleis Hestmarka, No har det komme bustadfelt med mange innflyttarar i grenda, den nye bygdeboka nyttar det nye namnet, og det kulturhistoriske aspektet kjem sikkert snart til å gå tapt.

Ein kan sjølv sagt argumentera med at fri namngjeving for små geografiske areal ikkje er noko vesentleg spørsmål. Det er snautt nok gjeldande i bygder med spreidd busetnad. Dessutan møter ein uorden som den frie skrivemåten på familienamn fører til.

På vegner av styret i Landbruksmållaget

Inge Bjørdal

